

Årsmøte i Alver Nei til EU – 12. mars 2020

Fråsegn om EØS / EU og demokratiutvikling.

Frå 1994 og fram til i dag har landet vårt innført meir enn 12000 rettsakter initiert av EU via EØS-avtalen. Mange av desse er uproblematisk, andre har fått stor innverknad på politikkkutforminga vår. EU har i dei seinare åra oppretta over førti ulike byrå, dette er ei organisering av makt og mynde som ligg utanfor dei etablerte styringsorgana i EU, og som ei mange høve har direkte instruksmynde ovanfor medlemslanda, og dei landa som er knytt til EU via EØS-avtalen.

Eit døme her er ACER som er EU sitt energibyrå. Byrået spelar ei nøkkelrolle i integreringa av elektrisitet og naturgass innan EU, og stiller opp eit rammeverk for samarbeid mellom dei nasjonale regulatorane (hos oss NVE).

Ovannemnde utvikling representerer ei utfordring for demokratisk styrte prosessar. Maktfordelingsprinsippet, med lovgjevande, utøvande og dømande makt, vert sett på prøve. Stortinget som har lovgjevande makt er i den situasjonen at dei vedtar lover som dei sjølv ikkje har utforma, og som dei langt på veg må godta. Her er opning for veto i høve til EU / EØS, men denne moglegheita har knapt vore i bruk. Vidare vil byrå som ACER ha mynde til å gripa direkte inn i energipolitikken, ved å instruera det nye reguleringsorganet RME (del av NVE).

Me veit at om lag 49% av dei sakene som vert handsama i kommunestyra er under innverknad av EØS-avtalen, dette set sjølvstendig det lokale folkestyret i same vanskeleg situasjon.

EØS-avtalen er så mykje meir enn ein handelsavtale. Den representerer politisk overstyring på svært mange viktige område i samfunnet.

For å ta attende folkestyre og demokrati, nasjonalt, regionalt og på kommunalt nivå, må EØS-avtalen seiast opp og erstattast av ein tosidig og likeverdig handelsavtale utan politisk styring frå land utanfor eigne grenser.

Toril Mongstad

Alver Nei til EU